

Førstladet 3.12.04

# Stein og blomar

Den jærske steinen og overdådige blomstermotiv har flytta inn i Hå gamle prestegard. Utstillingane opnar i morgen.

JORUNN E. STEINSLAND | tekst og foto

Det jærske landskapet finst både utanfor og inne i prestegardbygga denne gongen.

Galina Manikova har lete seg inspirera av Jæren. Dette har resultert i fotografi, som ho igjen har overført til glas og pleksiglas. Ein del av dei ved hjelp av silkestrykk. Manikova har kalla utstillinga si ut-, inn- og gjennomsikt.

## Foto og pleksiglas

Namnet på utstillinga kjem av at ein kan sjå utstillinga ifrå mange kantar. Fleire av kunstverka heng i vindauge, og kan sjåast frå både inn- og utsida. Midt i rommet heng fleire større produkt, som ein kan både sjå gjennom og gå i mellom. Lyssettinga gjev bileta ein

ekstra dimensjon og kastar dekorative skuggar både langs golv og veggjar.

- Det er fascinerande at så enkle bilete kan verta så flotte, meiner kunstnaren sjølv og kikkar på lyset som vert brote gjennom eitt av kunstverka hennar.

I etasjen over pleksiglasplateane, har Manikova gjort klart til videoframsgjening. Videoen har óg fokus på jærsk Stein, og er sett saman med romantiske tekstar av Kielland og Manikova sine eigen ordleikar.

Det er ikkje mange kunstnarar som er både keramikarar og fotografar. Derfor har Manikova nærrast vorte verdensekspert på det ho driv med.

- Eg er eit sjeldan fenomen, smiler Manikova.



**SJELDAN:** Galina Manikova er den sjeldne kombinasjonen av keramikar og fotograf. Nå stiller ho ut på Hå gamle prestegard.

## Digitale dagbøker

Galina Manikova er fødd i Japan, oppvaksen i Moskva og utdanna i Jerusalem. Nå bur ho i Noreg.

Manikova er ein populær kunstnar og reiser rundt i heile verda og held fordrag.

Ho forsøker å brukha sitt eige språk, sitt eige liv og sine personlege meininger og erfaringar som hovudtema for alt ho lagar. Denne tilnærminga er ho ikkje áleine om og retninga har fått namnet Digital dagbok. Manikova har arbeidd med data, digital fotografi, video og cd-rom produksjonar sidan 1994.

## Mille fiori

Den andre utstillinga som opnar i

te dekorerte med blomar, og vart laga i Middelhavslanda. At eit slikt kjede vart funne på Jæren, viser at det var kontakt mellom Noreg og desse landa i sør.

Dei elleve kunstnarane som vart valde til å delta i utstillinga, var allereie inspirerte av blomar og brukte det i arbeida sine. Dei el-

levet kjem frå både Noreg, Sverige, Danmark og Finland, og tilhøyrer ein ny trend av ofte kvinnelege kunstnarar, som har fjerna seg frå det minimalistiske, og tek opp gamle ting, som bestemorservise og glansbilete. Det er denne treningsen den Hå gamle prestegard vil setja sòkjelyset på denne gongen.

